



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Jørgen Aarø, 55 57 20 46
Rune Johan Mikkelsen, 55 57 21 81

Vår dato
24.04.2013
Dykkar dato

Vår referanse
2013/4782 433.2
Dykkar referanse

Per Magne Gjellefall
Postboks 58
5601 NORHEIMSUND

Løyve til utsetting av utanlandske treslag til juletreproduksjon

Per Magne Gjellefall får løyve på bestemte vilkår til utsetting av utanlandske treslag på gnr. 70 bnr. 2 i Tysnes kommune.

Vi viser til søknaden vi mottok 3. april 2013 og telefonsamtale 22. april 2013 om utsetting av utanlandske treslag til juletreproduksjon på gnr. 70 bnr. 2 i Tysnes kommune. Søknaden er vurdert i samarbeid mellom Fylkesmannen sin miljøvern- og klimaavdeling og landbruksavdelinga.

Saka er handsama etter forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksføremål, med heimel i naturmangfaldlova. Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova kapittel II ligg til grunn for sakshandsaminga.

Treslag og mengd

Det er søkt om å plante ut totalt 2300 tre kvart år av følgjande treslag:

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Mengd	Svartelistestatus
Fjelledelgran	<i>Abies lasiocarpa</i>	800	Lav risiko (LO)
Nordmannsedelgran	<i>Abies nordmanniana</i>	1000	Vil ikkje reproduser i Noreg neste 50 år
Koreaedelgran	<i>Abies koreana</i>	500	Lav risiko (LO)

Risikovurdering av framande arter i Noreg er utgitt i publikasjonen *Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012* (Gederaas mfl. 2012). Fjelledelgran og koreaedelgran er plassert i kategorien lav risiko (LO) og er ikkje svartelista treslag. Nordmannsedelgran er ut frå eksisterande data vurdert til ikkje å ha moglegheit til å reproduser i Noreg dei neste 50 år.

Søkjar har oppgitt fleire proveniensar for treslaga i søknaden, men understrekte i telefonsamtalen at det vil avhenge av kva som er tilgjengelig frå planteskular kva som vert planta.

Utsettingsområdet

Garden ligg i Uggdalsdalen om lag midt i Tysnes kommune. Sjølve utsettingsområdet er på 50 daa og i dag er om lag 20-25 daa av dette tilplanta med juletre. I 1998 søkte Per Magne Gjellefall om omdisponering, og fekk først avslag frå kommunen med grunngjeving at området inkluderte noko av det finaste og mest veleigna beiteareal i kommunen. Vedtaket vart påklaga og sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd, men blei sendt tilbake til kommunen etter at det kom fram nye opplysningar i saka. Kommunen fatta eit omdisponeringsvedtak 30. august 1999 med varigheit på 15 år før jorda skulle tilbakeførast til jordbruksland og beitemark. I telefonsamtalen opplyste søker om at han ønskjer å fortsette å drive jorda som juletreproduksjon og vil söke kommunen om utviding av tida.

I følgje Naturbase grensar to kartlagde naturtypar som er lokalt viktige til utsettingsområdet. Den eine er oppført som sørverndte berg og rasmarkar med vegetasjonslaus rasmark, lommar av lauvskog og nokre gamle styvingstre. Verdien kjem av at naturtypen er ikkje vanleg på Tysnes. Den andre naturtypen er Øyjordsvatnet, ein rik kulturlandskapssjø som er ein del av eit større våtmarkssystem i Uggdalsdalen. Ingen av desse to lokalitetane er i konflikt med juletreproduksjon på det omsøkte området.

I Naturbase og Artskart er det ikkje registrert raudlista artar eller MiS-figurar med innverknad på sakshandsaminga.

Vurdering

Utsettingsområdet er eit etablert juletrefelt, og det er ikkje registrert naturverdiar som krev særskilt omsyn her. Dei tilgrensande, kartlagde naturtypane vert ikkje direkte påverka av produksjonen. Fjelledelgran, nordmannsedelgran og koreaedelgran er ikkje svartelista treslag, og trea skal hoggast før dei set frø, noko som minimerer spreiingsfaren til kringliggende område. I telefonsamtalen opplyste søker at han planlegger å plante ut totalt mellom 600 og 1500 tre kvart år avhengig av kva som vert høgd frå år til år. Løyvet vil difor gjelde for opp til 1500 tre kvart år i ti år.

Vår vurdering er at saka er godt nok opplyst til å fatte eit vedtak jf. kravet til kunnskapsgrunnlaget og føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova §§ 8 og 9. Vi kan ikkje sjå at produksjon av juletre på dei omsøkte areala vil medføre uheldige følgjer for naturmangfaldet.

Om lag halvparten av arealet som er omdisponert til juletreproduksjon er i bruk i dag. Resten av området er tidlegare jordbruksland og juletreproduksjon her vil ikkje auke påverknaden på naturmangfaldet vesentleg grad jf. naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning.

Omdisponering frå jordbruk til skogproduksjon gjaldt berre i 15 år frå 1999, og denne perioden er snart i ferd med å gå ut. Sidan det allereie er juletreproduksjon på dette arealet har vi ikkje innvendingar mot at dette held fram, men dette løyvet gir ikkje automatisk omdisponering av jordbruksareal til skogbruk. Det er kommunen som har forvaltingsmynde i landbrukssakar, og ein søknad om fortsett skogbruksdrift på dette arealet må difor rettast til

Tysnes kommune. Produksjon av juletre på det omsøkte arealet vil i liten grad påverke naturmangfaldet utover det som er tilfellet i dag.

Etter naturmangfaldlova § 11 skal kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet berast av tiltakshavar. Dersom brot på vilkåra i løyvet fører til skade på stadeige naturmangfald må tiltakshavar bere kostnadane for å rette opp i dette.

Val av driftsmetodar og teknikkar skal etter § 12 ta best mogleg omsyn til naturmiljøet, slik at resultatet gjev dei beste samfunnsmessige resultata. Mengda som blir nytta av gjødsel og sprøytemidlar må tilpassast for å unngå unødvendig avrenning til Øyjordsvatnet. Elles har vi ikkje spesielle merknadar til dette i denne saka utover dei føringar som følgjer av anna lovverk.

Vedtak

Per Magne Gjellefall får løyve til å sette ut til saman 1500 fjelledelgran, nordmannsedelgran og koreaedelgran kvart år i perioden 2013-2022 på gnr. 70 bnr. 2 i Tysnes kommune på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for dei omsøkte områda i kartvedleggjet.
- Trea må hoggast før dei set frø.
- Rutinar for å sikre hogst før frøsetting må verte etablerte, og dokumentasjon på dette må visast fram ved eventuelle tilsyn.
- Dette dokumentet må gjerast kjend og overført til ny grunneigar ved eventuelt eigarskifte.
- Dersom juletreproduksjon på eideomen vert avvikla må trea hoggast.

Klageadgang

Vedtaket kan pålagast innan tre veker, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Klaga skal stilast til Direktoratet for naturforvaltning, men sendast til Fylkesmannen i Hordaland, jf. forvaltningslova § 32.

Med helsing

Kjell Kvingedal e.f.
seksjonsleiar

Jørgen Aarø
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til

Tysnes kommune	Rådhuset	5685	Uggdal
Direktoratet for naturforvaltning (DN)	Postboks 5672 Sluppen	7485	Trondheim
SABIMA			
WWF			